

## Månadsbrev mars 2024

Elevene løyste mysteriet med kor det blei av skogen både kreativt og interessant, og alle koste seg med film og popcorn på skulekinodagen. Det var mange flinke og ivrige elevar på engelskdagen òg, og alle snakka engelsk over ein låg sko. Nå er det spanande om alle i 10. klasse kjem inn på den skulen og lina dei vil. Alle fekk i alle fall søkt til 1. mars! Vinterferien gjekk fort for mange, og nå er det faktisk berre tre veker til påske...!



Rett etter ferien var 1.-4. klasse medskaparar i bikuba i **Den kulturelle skulesekken**, og **valfaggruppa "Innsats for andre"** arrangerer **kinokveld** for 1.-7. klasse allereie 5. mars kl. 16.00 i gymsalen. Onsdag 6. mars er mellomtrinnet inviterte til **skiaktivitetsdag** på Feed saman med mellomtrinnet på Tonstad. Det er vidaregåand-elevar som har ansvaret for dagen. Torsdag 7. mars feirer 1. klasse at dei har gått **100 dagar på skulen!** Tida går fort...



Det blir **morgonsamling** ved ungdomsskulen om bærekraftsmåla måndag 11., og onsdag 13. Kjem **hovudutval for oppvekst og levekår** på eit lite besøk. 18. mars tar **Trygg trafikk** med småskuletrinnet på "Vile veier og vrang skilt", medan 8. har **arbeidslivstrening** og 9. hospitering og arbeidslivstrening 19.-21. mars. Før me tar ferie, blir det både **skidag** (11.), **skulegudsteneste** (21.) og **alpindag** (22.). Og så blir det **foreldrekonferanse** for mellomtrinnet i veke 12.

**HUGS skuleonsdag** for 1.-4. klasse onsdag 20. mars, og å senda alle meldingar om **kortvarige endringar på SFO** i Visma flyt skule!

God påskeferie!

Sinnes 04.03.24  
Åse-Berit (rektor)

